

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 07.12.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Konst. administrerende direktør Ola Rye, Fagdirektør Christer B. Frantzen, konst. økonomisjef Tor Erik Tveit, Personal og organisasjonssjef Berit Berntsen

**SAKA GJELD:** Årleg Melding Sjukehusapoteka Vest 2016

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 068/16

**STYREMØTE:** 14.12.2016

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen 13. januar 2017.

## Oppsummering

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2016
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2016

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest og er fyrst og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og viser ikkje ei samla oversikt over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest.

Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2016 levert på dei krav som er sett til føretaket.

## Fakta

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2016
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2016

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest. I rapporten (Vedlegg 1) er kvart kulepunkt eit oppdrag henta frå «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2016». Status på det enkelt oppdrag er kommentert i ein kort påfølgande tekst.

## Kommentarar

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og vier ikkje ei samla over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest. Årleg melding skal godkjennast av styret i Sjukehusapoteka Vest og sendast Helse Vest RHF innan 13. januar 2017. Av di driftsåret 2016 ikkje er avslutta på tidpunkt for rapportutarbeiding til styret, inneheld Årleg melding 2016 berre datagrunnlag frem til oktober/ november. Det er likevel ingen teikn til at årets siste driftsmånadar vil endre faktum at Sjukehusapoteka Vest gjennom 2016 har levert på dei krav som er sett til føretaket.

## Konklusjon

Helseføretaket har, innanfor dei rammene som er satt av styret, klart å levere på dei bestillingane eigar gjennom «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2016» har sett for føretaket.

## Vedlegg

1. Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016